



ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 8

OKTOBER 1976

25. årgang

Dåpsalme



Fanao nådde oss like ved stranden,
vi lå i leir foran Pihakiroth,
klemmt mellom havet og hæren i
sandene,

klemmt i vår grav under klippenes fot,
Bare en eneste utvei lå åpen:
Veien til havet, 'till døden i dåpen.
Halleluja, halleluja!

Da, i den siste fortvilede stunden,
revner den veldige, håpløse hav!

Vi som var døde, gikk tørrskodd på
bunnen,

midt mellom vannene, ut av vår grav.
Herren gikk med oss, hans utvei lå
åpen:

Veien fra døden til livet i dåpen!
Halleluja, halleluja!

Jublande løfter vi hellige hender,
vi som for lengst var fordømt og
fortapt!

Nyfødt står folket på skinnende
strender,

folket av prester som Herren har
skapt.

Kanaans hellige frukt skal vi nyte:
Vin skal vi skjenke, og brød skal vi
bryte!

Halleluja, halleluja!

Børre Arnold Knudsen

LAGET PÅ FOLLO

er i full sving att. Det var ei kraftig «blodtapping» dei vart utsett for i vår, da 30 kristenartianarar gjekk ut frå skolen og laget. Men no er medlems-talet like høgt att. Det er kome til 25 nye og fleire er ventande — så det er ingen sak med rekrutteringa. Det er gildt å vita at ca. 70 lagslemer møtast kring bibel og lovsang kvar einaste veke vinteren igjennom.

Underskrevne fekk gleda av å vera til stades på opningsmøtet. Eg var sett til å laga ein studiekveld om det evige liv. Først skulle deltakarane få utdelt sten-silerte spørsmål dei skulle arbeida med ein halvtime, så skulle underskrevne samanfatta det heile.

For eit triveleg syn det var å sjå ein heil sal full av ungdom-ar med kvar sin bibel eller kvart sitt nytestamente. Og det var vel-

brukte bøker - med understrekningar og tilføyde opplysningar. Tydeleg eit bevis på at dei ofte og dagleg var i bruk. Tankane gjekk attover til mi eige gymnas-tid. Det var nok ikkje mange biblane å sjå mellom skoleungdommen den gongen, nei.

Triveleg var det også å sjå kor velkjent dei var i Bibelen. Sjølv meinte eg at spørsmåla eg hadde sett opp var i vanskelegaste laget. Ikkje eit einaste bibelord var gjeve på førehand. Men raskt og suverent bladde dei ymse studiegruppene seg fram til det rette. Halvtimen vart meir enn lang nok. Det vart tid til gode.

Kanskje kan vi eldre lære av desse lagsungdomane å lesa flittig i vår Bibel og visa oss tru-faste i bøn — også i bøn omkring «laget».

K. R.



Som urter blomstrer og kornet gror
i varme dage og lyse nætter,
så livsoplysning i høje Nord
vor ungdom blomster

og frugt forjætter.
Trods mørkets harme
i strålearme af lys og varme
er frugtbarhed!

SLEKTERS GANG



Døpte

Orkland

- 29.8. Stig Atle Moe
29.8. Torkil Berker

ORKDAL

- 5.9. Ingebjørg Nachtnebel

Orkanger.

- 29.8. Rudi Andre Kilen
Joachim Sundli
Thomas Solbu
Janne Sæthre
Linda Sæthre
12.9. Tore Rasmussen
Astrid Bjørnhild Rømme



Vigde

Orkland.

- 28.8. Odd Haukli og
Aud Johanne Smedhaug

Orkdal.

- 28.8. Per Arnt Tødaas og
Kristin Elisabeth Lyng
Kongsvik



Døde

Orkdal.

- 9.5. Arild Asphjell f. 1954

Orkanger.

- 26.8. Inga Oline Amundsen

Kjenner du kall til innsats

Soknepresten har mange oppgåver liggande som ventar på kallsvisse i kyrkjelyden. Det skulle ikkje vera deg vi ventar på? Kyrkjelyden det er oss alle, og presten og sokneråda åleine, kan ikkje vinna over alt. Her skal du høyra om noko av det vi skulle ha hatt hjelp til. Fleire søndagsskolar ligg nede avdi ingen vil ta ansvar eller «kjenna seg bunde» som det heiter. Ungdomsklubbar og speidararbeid treng leidarar, tensing instruktørar. Alle dei ymse misjonsforeningane våre burde få mykje større rekruttering enn den vi opplever. I Geitastrand og Orkanger kyrkje treng vi «prestens medhjelparar».

Når du les dette, synes du ikkje slikt er leit? Kan det vera sant tru, at det i Orkdal med 10 000 innbyggjarar — ikkje skal finnast kristne som kan gå inn i desse oppgåvene. Her kan det ikkje berre vera snakk om kva ein sjølv har lyst til. Det må vera snakk om kva for nådegåve ein fekk. Gud ventar at nådegåvene blir brukt.

Eit meire ålment kall vil også måtte nemnast. Det gjeld alle heimane våre. Vi flømmes over av den kulørte pressa og manglein mor og far har vel vore støkt av kva som der ofte står. Kanskje meiner vi som så, at eit blad eller to må vi da ha, så det er ikkje så godt.

Men er heimane merksame på at vi har mange kristne blad og billedblad, fullt på høgde med den store svermen. Vi nemner berre dei vi i farten kjem på: «Blåveisen», «Kom og se» og «Ny horisont», for barn og ungdom: «Familien», «Til jordens ender» og «Ut i all verden» for heile familien. «Vi foreldre» er eit blad for dei som nett no står i oppsøkingssjøn. Mottoet må vera: «Minst eit kristent blad inn i kvar heim. Det er god investering».

K. R.

80 år i bygdas tjeneste

Moderne butikk - Godt vareutvalg.

Bensin- og servicestasjon.

Velkommen inn.

Svorkmo Handelssamlag

Orkdal Sparebank

Orkanger . . . kl. 08.00 - 15.00
Torsdager . . . kl. 08.00 - 18.00
(Tlf. 80 450)

Fannrem . . . kl. 08.00 - 14.30
(Tlf. 82 191)

Selbekken . . . kl. 09.00 - 14.30
(Tlf. 115)

Lørdager er alle kontorer
stengt.

Konstads Bokhandel

Orkanger.

Bøker - Papir
Skolemateriell

SØLVVARER

til
BARNEDÅP BRYLLUP
KONFIRMASJON

Gullsmed

7300 Orkanger

Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det
gjeld trykking av blad, tids-
skrifter, forretningstrykk
m.m.

Telf. og post: 7330 Svorkmo.

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:

Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkjel
Agnes Singstad

Redaktør: Kaare Rogstad.

Annonser:

Sigmund Haugset.

Kasserar:

Ivar Fandrem, 7320 Fannrem.

Postgironr.: 32 68 72.

Takk for gaver og kontingent.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo

Gode ord

Mange har vel lagt ans på at over lengere tidsperiodar er det somme melodistrofer som kjem fram i hugen oppatt og oppatt. Dei syng liksom inni oss og gjev seg ikkje før vi også nynner dei høgt. Slik er det også med ymse bibelord. Somme ord kjem framatt i hugen om og om igjen. Dei kan skifta med årstidene eller yttre hendingar, men for ei tid kjem dei oppatt og oppatt. For meg har det denne sommaren vore eitpar slike ord:

Gal. 6.10 «Lat oss difor, sålenge vi har høve til det, gjera det gode mot alle, og mest mot trua sine egne.

Rom. 12.10 Vær varmhjarta mot kvarandre i brorskjærleik og kappast om å heidra kvarandre.

Det er alltid ein årsak til at slike ord meldar seg — og eg veit so vel kvifor desse orda meldar seg no. Det er all den uenighet, strid og splid mellom kristne i vårt land, og helst da inne i hovedstaden. Slikt ein har lese om utetter våren og sommaren. Det er greit nok at ein kan ha ulike syn og oppfatningar om perifere ting. Men det er vondt når ein sluttar å vera vener og freistar ta ifrå kvarandre heider og ære, ja til og med fråkjenner kvarandre kristennamn. Jesus nytta i 1. kor 12.12 biletet om vintreet da han skulle forklare oss om heil-

skapen i kristensamfunnet. Jesus sjølv er vintreet. Vi skulle vera greinene. Inga grein og ingen kvist er vel lik ein annen. Slik må vi også akseptera at kristne er ulike. Jesus lærte oss at vi skulle tilgje kvarandre, ta alt i beste meining og bæra over med kvarandre. Vi skulle vera varsame med orda våre. Det hadde sin gyldighet dengongen ingenting vart skreve. Kor mykje meir treng vi ikkje vera varsam når vi grip til ei penn og sett orda ifrå oss på eit papir. Det kan vera nyansar i setningens melodi og i orda sin valør — under ein samtale. Dette kjem aldri fram i det trykte ord. Jamvel, kan det vera at vi ikkje alltid legg det same inn i orda våre. Slik blir det så snøgg mistydingar.

Kyrkjesamfunna våre verda over står framfor store fårer. Mange stader stenges kyrkjedører og kristusvitnemålet blir martyrium. Mange er dei som dette året skal setta livet til for si trus skyld. Kristne settes mange stader i konsentrasjonsleir eller sinnsjukehus. Førebels har vi det fritt og godt i landet vårt. Men også her ser vi spor til kristendomsforfølging. I første veka på september kunne vi lesa om eit friluftsmøte Kyrkjeaksjonen 1976 hadde laga i stand i Oslo. Da sokneprest Lier heldt preika — tok ein flokk ungdomar på å ropa taktfast: «Ned med Kristus — Tenk sjæl». Oppatt og oppatt. Rytmask og intensivt ropa dei. Det er tydeleg at vantrua ikkje er nøgd med å la dei kristne få vera i fred. No skal det aksjonerast imot dei kristne. Aktiv innsats mot «overtrua» er parolen. Det er mange kristne skolebarn og skoleungdomar som kvar dag får kjenna mobbing mot seg skuld vera si tru.

Og likevel — slike ting har gjennom alle hundreår ståsett dei kristne og sveisa dei saman. Mykje, mykje verre er det —, og mykje, mykje større fåre er det — når dei kristne ikkje kjenner samhug lenger, men strides og kives om å ha den største og rettaste trua. Kyrkjepolitiske særinteresser og teologiske se-

kundære spørsmål må ein kunne samtale om med broderleg skynsemd. Den som bekjenner seg å vil høyra Jesus til og klart uttrykker å ville stå på trua sin grunn — må vi vita å rekna som kristen søster eller bror. Om dei skulle ha eit syn på perifere ting, som skil seg ifrå mitt eige — så kan eg på tomannshand freista å tale med dei om dette. Å ta frå dei kristenrett og kristennamn har eg ikkje lov til. «Kappast om å heidra Kvarandre». Det er Kristi lekam på jord best tent med.

K. R.

Salomos forsvarssystem

En ivrig idrettsmann, en bokser, spurte en gang en predikant om det var galt å lære seg selvforsvarets kunst. — Langt ifra, svarte predikanten. Jeg lærte den selv i min ungdom, og den har vært til stor hjelp og nytte for meg.

— Det var hyggelig å høre, utbrøt bokseren glad, tør jeg spørre hvilket system de brukte?

— Jeg anvendte Salomos system, svarte predikanten. Du finner oppskriften i Salomos ordspråk, 15. kap., 1. vers: «Mildt svar stiller harme, men et sårende ord vekker vrede.»

Alle kristne bør anvende dette systemet.

BESTANDIG!

ORKDAL MINNEFOND

De får blankettar hos:

Gunnar Melås, Kåre Gjønes,
Johan Fagerholt, Ane Øyasæter,
Fannrem bokhandel, Einar
Bjørndal, H. Sivertsen, Borg-
hild Asphjell, Dagny Korsli,
Lars Bonvik, Harald Hukkel-
ås, Bankane.

ORKLAND MINNEFOND

Blankettar hos:

Klara Aamodt, 7330 Svorkmo.

ORKANGER MINNEFOND

Blankettar hos:

Bankane.

GEITASTRAND MINNEFOND

Blankettar hos:

Gunerius Kjøren



VÅR MENIGHET

Barnehage på Fannrem

Orkdal skolestyre har godkjent søknaden frå Trøndelag krets av Misjons-sambandet om å få oppretta barnehage på Fannrem. Kommunestyret har vedtatt reguleringsplana — og den må bli stadfest av fylkesmannen.

Korttidsbarnehager (inntil 6 t pr.veke)

Orkdal skolestyre har godkjent søknad frå Svorkmo Indremisjons Ungdomsforbund om å få drive korttidsbarnehage på Svorkmo og på Vormstad.

Likkeins godkjent Orkdal Indremisjons søknad om å få drive korttidsbarnehage på Fannrem. — Fylkesmannen må godkjenne vedtaket.

Søndagsskole på Fannrem

starta 26/9 med lærar Krutvik og kone som leidarar.

Formannen i Orkdal sokneråd — Arnt Gangås

er vald til ny formann i Trøndelag krets av misjonssambandet. Så blir det ekstra mykje å gjera for han — og han treng vår forbøn.

Konfirmantjubilanter i Geitastrand

Jubileet er fastsett til å vera søndag 10/10. Det startar med høgmesse i kyrkja kl. 11, der også årets konfirmantar presenterast.

«Mi kyrkjebok»

vil bli utdelt til 4-åringar i Orkdal kyrkje søndag 24/10 og i Geitastrand kyrkje 31/10, begge stader ved barne-gudsteneste kl. 11.

«Mindre fra Golgata»

heiter ei diktsamling som kom ut ved «Orkdølen prenteverk» i 1905. Forfatteren kalla seg Timotheus. Attom dette psevdonym geymde seg sokneprest E. D. Skouge. Det er vel ikkje mange orkdalingar som hugser denne boka no, men ho inneheld mange tankevekkande dikt og særmerker seg ved det at diktsamlinga faktisk er eit kyrkjespel med sceneanvisningar. Skouge var slik ca. 50 år før si tid.

Ida Mastad

er ansatt som barne- og ungdomsarbeidar i Trøndelag Indremisjon, med spesielt arbeidsområde — Orkdal.

Vi har mykje å sameinast i bøn om.

Sokneprestar i Orkdal

1. Kva dei prestar heitte som var her før reformasjonen — veit vi diverre ikkje. Prestelister er forsvunne — om dei har vore der nokon gong. Reformasjonen feidde iallefall alle gamle prestelister bort.

Den første soknepresten vi veit namnet på etter reformasjonen er: **Christopher Posch** eller Paaske som det også vart skreve. Om han er den første soknepresten etter reformasjonen veit vi ikkje visst. Men han var iallefall sokneprest her i 1593. Heile vegen hadde Skaun høyrd Orkdal til, og i Skaun kyrkje står namnet på denne presten og årstallet 1593 måla på altertavla. Om han ikkje har vore første-mann så må han iallfall ha vore nr. to av dei lutherske prestar her. Han var son til den første lutherske presten i Melhus — Lars Posch, og hadde også ein bror som heitte Christopherus (mest det same namnet). Det var nokså vanleg den gongen å kalla fleire brør med same namn. Bestefedrane vart oppattkalla og med stor barsedelighet vart ein betre garantera namnetradisjonen i behald, når fleire fekk same namn. Broren Christopherus vart sokneprest i Melhus etter far sin og det var Christopher som truleg var yngst av dei to, vart altså sokneprest i Orkdal. Begge desse brørne vart gravlagde på Melhus kyrkjegard. Det kan ein lesa om i Gerhard Schønnings reiseskildring frå 1773. Der fortel S om gravsteinane til brørne og til kona åt Orkdalspresten. Ho heitte Berit Olufsdotter. Meir enn dette veit vi ikkje om Christopher Posch.

II. Hans ettermann vart **Jens Posch** (eller Paaske). Om han var bror eller son til C. P. veit vi ikkje. Det er svært lite vi veit om han, i det heile. Enka etter han vart gift oppatt med Jens Jenssen Bull på Evjen og sjølv døydde han i 1614. Han må ha vore ein av dei betre kjende prestar ettersom det var

biskopen sjølv — dr. Magister Isak Grønbech som kom og sto for gravferda. Kyrkja vår har eit minne etter han. Trulegvis har han vore gjevar av alterkalken med disk. Innskrifta på alterkalken er slik: «Er denne Kalck 32 lot 1 g. giort i hederlig och vellærd Mand — H. Jens Paaskes tid och hafver Chasper Christofersen stict skrifver laten gjort 1614.»

III. **Joan Jonsson** vart den neste presten. Han kom til Orkdal i 1626. Det er svært lite vi veit om han — og det er underleg. Ein skulle tru at bygdetradisjonen kunne fortelja mykje om han ettersom han iallfall hadde 6 søner og 5 døttre og av dei vart alle gift på gardar i bygda. Om no bygdetradisjonen teier, så har han iallfall sjølv gjeve seg eit ettermæle. Over klokkekarstolen i Orkdalkyrkja heng eit stort målarstykke av heile huslyden hans. Etter tidens skikk er barna måla etter storleik i alder. Ei av døttrene har eit raudt «festband» knytt i sløyfe om livet. Ho har ei rose i høgre hand og ein kjetting fest til vinstre handa. Dette skulle syna at ho var pynta til gravferd og fest til dødsriket. Med andre ord — ho var død då biletet vart måla. Målarstykket har denne innskrifta:

Anno 1634 den 28 octobr till guds ære oc kierckens beprydelse hafuer Her Joen Jonsøn foræret Denne tafle til Ørckedals Kiercke. Den tid pastor her samesteds.

Under inskripsjonen står bokstavane NiiB. Trulegvis er dette initialane til målaren. Hans namn er nok umogleg å etter-spore.

Joan Jonsson hadde ei dotter som vi veit vart gift med ettermannen i embetet —

IV **Steen Hansen** (eller Johansen). Han var fødd 20. mars 1608 og var først kappelan her

Framh. s. 7.

Unngå juletrengselen! Gå i kyrkja no på søndag!



GULLKONFIRMANTAR

Konfirmanter i Orkdal 3. okt. 1926

Erling Aarvik
Anders Aunemo
Andreas Nyhus
Andreas Graven
Arne Ingvald Øien
Arne Gjønnes
Arnt Gjønnes
Arne Ustaune
Arne Ophaug
Arnt Søvasli
Brage Svorkmo
Bendt Sæterbak
Benge Kristoffer Kvam
Bjarne Arthur Sletvold
Einar Gjølmesli
Erling Magne Ustad
Erik Garberg
Fredrik Tungen
Gabriel Skauge
Gabriel Eikli
Georg Fredrik Næss
Ingebrigt Furuhaug
Ivar Solem
Hjørleiv Eldevik
Johan Gjølmesli
John Margido Langeland
John Kråkdal
John Wormdal
John Albert Ødynn
John Haug
John Solbu
Jørgen Digerås
Lars Baklökk
Lars Sølberg
Martin Hansen
Odd Viggen
Odd Sæther
Odd Marius Kirkaune
Olaf Gjølmesli
Ole Solem
Ola Meås
Ole Gjønnes
Ole Dagfinn Langvik

Peder Troøyen
Peder Stokkan
Rikard Skjenald
Sivert Fagerholt
Sivert Liøkel
Sverre Sommervold
Sverre Harang
Trygve Metli
Anna Marie Gilmo
Anne Vutudal
Bergljot Charlotte Skjelvan
Berit Sundli
Borghild Blaasmo
Elbjørg Sundli
Gudrun Mo
Hjerdis Caspara Olsen
Inga Kvaale
Ingeborg Eline Lineggen
Johanna Andøl
Johanna Solem
Jenny Lovis Haarberg
Karen Sve
Karen Sognli
Karen Ustad
Kari Snoen
Kari Kvåle
Klara Brekken
Lovise Fossen
Magda Johanne Warholm
Magnhild Metliås
Magnhild Kårmo
Marie Dørdal
Marie Gravdal
Marie Sveeggen
Marta Elida Ustad

Konfirmanter 10. okt. 1926 i Orkanger

Arne Rømmesmo
Arne Ingolf Vitso
Arvid Mikael Kjos Røhme
Ebbe Oldns Ebbesen
Einar Asmund Solheim
Henrik Steffens Hagerup Jenssen

Jan Rostad
Johan Albert Bakken
John Edvard Karisen
John Walter Solberg
Karl Rein
Lars Rudolf Larsson
Lars Reitan
Leif Bakken
Mikal Rømmesmo
Odd Frank Skjerve
Ole Dragset
Ole Ingvald Karlsen
Ottar Ustad
Paul Elshaug
Sigurd Edmund Andersen
Sverre Arvid Leknes
Thorstein Andreas Tangen
Olav Rømmesmo

DAMER:

Anna Skjulsvik
Anne Aae
Aslaug Berg
Bergljot Johansen
Berit Eva Forvik
Brynhild Josefine Korsen
Ellen Hanny Isdal
Elfrid Marie Sandgrind
Inga Mathisen
Ingeborg Lillemyr
Karen Anne Norberg
Klara Mathilde Lundli
Lilly Ingeborg Hauge
Margit Johansen Svorkmo
Marine Elnes
Mary Lovise Sivertsen
Oline Solbu
Reidun Togstad
Solveig Mælen
Solveig Johanne Meland
Aase Marie Rikstad
Magda Johanne Warholm
Ingeborg Oline Hafsbak

(Framh. s. 6)

Konfirmanter i Geitstrand 3. okt. 1926

Berit Sletvold
Olaug Husdal
Olava Husdal
Emilie Kjøren
Gunda Aasheim
Erik Gjeten
Anders Gjeten

Konfirmanter i Orkland 1926

Alfred Johansen Opøyen
Bjarne Nikolai Storsve
Charles Olav Høyset
Einar Monseth
Hjalmar Kroksæter
Ingebrigt Haugen
Ivar R. Lie
John O. Holte
John O. Bergem
Leif Lassen
Magne E. Amot
Ole O. Garberg
Per P. Kirkaune
Peder F. Opøyen
Sigurd O. Bratset
Steinar K. Asbøl
Anna Eline Vormdal
Ane Margrete Togstad
Ane O. Aune
Ane J. Ofstad
Ane Johanne Svorkmo
Ane M. Haugen
Borghild Nora Krokseter
Elfrid Antonie Kvernviik
Eline Opøyen
Eline Boksbu
Ella Sivertsvik
Gudrun Berbu
Hanna Hongsto
Karen J. Stavne
Klara Alette Asbøllmo
Magna A. Rønning
Marta Tronvold
Marit O. Høston
Nikoline Svorkmo
Signe Andrea Moen
Signe Marie Tråsdal

Konfirmanter i Orkland 1951

Anders Rye
Erik Talleras
Helge Lie
Helge Bakken
Jørn Karsten Løken Skarholt
Kjell Hjalmar Øverby
Odd Nikolai Vuttudal
Reidulf Brekken
Sigurd Rise

Er helga noko på eit museum

Av Arthur Klebo

Er helga noko på eit museum, eller er det eit ord frå språknemnda? Er det helg dette, å rasa avstad med buss og bane, så overfylt til trengsel av menneske og hundar og gramofonmusikk og ryggsekker og skistavar og filmapparat og sigarettøyk og vekeblad og sjokoladepapir, at ein blir klemd heit inn i privatlivet på folk,—

Og så denne eventyrlege opplevinga med ski på dei kvite solfylte viddene, — berre hotellreklame. Og så festinga og ranglinga om nettene, som ikkje skal omtalast, og så same maset heimatt, øydelagt på kropp og sjel. Er det helg slikt? Det er ikkje ferie eingong. Eg hugsar den tida då folk brukte helga til å gå i kyrkje. Dei kom gåande og roande frå dalar og strender, dei kom frå grytidleg morgonen til preike og salmesong, og kom heimatt — og hadde hatt ei velsigna Helg.

No er helga til for sporten og idretten, for tribuneskrålet og heilagjeng. Kanskje det blir ein tur i ny og ne på fjorden, i skogen, men helst blir det å sitja framfor TV-apparatet. Vi har så mange måtar no å skaffa oss avkobling og kvile på, som dei ikkje visste om før, som dei trudde var synd og skade. Dei hadde ikkje meir vit stakkar.

I det gamle bondesamfunnet var helga ei stille, djup og urørleg søndagsfred. Der var det godt å vera for sliten mann.

Helga var lyft høgt opp over all strid for tilværet. Det var samvær med andre menneske, målet for alt tung-

Anny Elise Eikli
Aud Målfrid Vormdal
Audhild Damli
Bjørg Løseth
Ella Kristine Bakken
Gudrun Oddveig Engløkk
Halldis Monseth
Inger Monseth
Ingeborg Johanne Vuttudal
Ingrid Aslaug Amot
Jorunn Annbjørg Arli
Kari Halgunset
Kari Ann Kirkaune
Kari Rian
Kjellrun Bakken
Oddveig Gumdal
Tora Melkild

rodd yrke, ei alvorleg svartkledd påminning om endemålet — den evige helg.

Helga var kvile. Eit møte med det som var godt gjort, og dei som hadde gjort det før.

På den gamle garden vart heiga runden om åker og eng, tun og teig, eit stemnemøte med slekta. Dei som var farne or garden, sto opp or tidens brådjupe hav, opp i vår helg, ikkje berre som eit kjærte og fredlyst minne som grånar og gløymest, men som ei kjelde av levande vatn til styrking og lækjedom for tidens mørkredde born.

BRUK RADIOEN I HØST

Annenhver torsdag i høst blir vi invitert til å vere med på et bibelstudium over 1. Korinterbrev. Og vi kan sitte hjemme i vår egen stue og lytte til en diskusjon i menigheten i Korint og høre Paulus' formaningar og råd til kristne mennesker i tvil og vansker

Radioserien «Fra krav til omsorg» er lagt opp slik at en kan ha utbytte av den ved å sitte foran apparatet og lytte. Men det er også utarbeidet hjelpemidler til bruk i gruppearbeid.

Sigurd Osberg, som har lagt radioprogrammene, har også skrevet studiehandboken «Fra krav til omsorg». Med den som veiledning kan grupper av naboer og venner, bibelgrupper eller andre studieringer få godt utbytte av sju studiesamvær utover høsten.

Første radioprogram kom torsdag 9. sept kl. 17.45. Handboken er i vanlig salg og koster 9 kroner.

Prestekontora

har opent	
Fannrem :	Tirsdag 17 - 19
	Torsdag 10 - 12
	Laurdag 10 - 12
Orkanger :	Tirsdag 17 - 19
	Torsdag 18 - 19
	Fredag 8 - 10
Svorkmo :	Fredag 10 - 12

Ut over dette kan tid avtales

OM Å GIFTE SEG

— Far var heldig han, sa Ola som fikk a mor, men tenk på meg da som må gifte seg med en helt fremmed. —

Slik kan folkehumoren avsløre noe som ungdom flest ikke liker å tenke på — nemlig at ekteskapet er det største vågestykke vi innlater oss på her i livet. En skoghandel kan gjøres om igjen, en jobb kan man si opp. Et ekteskap skal vare til døden skiller dem ad. For selv en skilsmisse makter ikke å gjøre løftet til intet. Man er merket av det hele livet ut.

Men bare få er så ærlige som Ola og innrømmer at man kjenner seg litt hjelpeløs før man tar det store spranget.

I gamle dagar var det som bekjent foreldrene som tok seg av denne hjelpeløshet. Det er først i de siste 80-90 år at man har latt de unge stå helt ensomme ved valget av ektefelle. Tidligere ble det i større eller mindre grad ordnet for dem av andre, og åpenbart ofte med bra resultat. Det er i allefall intet som tyder på at det er færre ulykkelige ekteskap nå enn før.

I dag har man avskaffet foreldrenes innflytelse ved inngåelse av ekteskap UTEN Å SETTE NOE ANNET I STEDET. Følgen er at mange driver inn i et ekteskap uten å ha tenkt fornuftig over saken og uten å ha rådført seg med noen. Og vel var det ille da far og mor bestemte valg av ektefelle, men er det ikke enda verre med alle de tilfeller hvor det å gå med barn faktisk dikterer hvem man er nødt til å gifte seg med?

Botemidlet er å rive hele ekteskapsstiftelsen ut av fornøyleslivets alkoholiserende miljø og føre det inn i en fri og fornuftig avgjørelses klima. Da er det utmerket å rådføre seg med sine foreldre og enda bedre at det blir gitt ungdommen saklig opplysning om disse ting. Men hovedsaken er at det skapes et ungdomsmiljø som både er fritt og rent, og hvor de unge kan samles om saklige interesser og ikke bare for å oppleve «Eventyr».

SØVASSKJØLEN
FJELLKIRKE

postgiro 3675436 GJØLME.
EI KIRKESAK FOR ALLE
I ORKDAL.

Dei prestane

Ein gong for mange år sidan hadde dei ein svært nærsynt prest i ei bygd i Ryfylke. Like nærsynt som han var, like blid var han. Så kom han ein dag innom til ein huslyd der han visste dei hadde fått småfolk nyss.

Kona hadde nett sett brøddeig i eit traug og lagt eit klede over — slik det bruka. Presten fekk auga på dette, men såg ikkje tydeleg kva det var. Han reiste seg og gjekk bort til trauglet letta litt på kledet og sa: «Nei ligg du der, vesle, vene ungen. A du, å du, kor lik du er far din.

Biskop Alex Johnson

Sokneprester i Orkdal - -

Framh. frå s. 4.

for sidan å ta over soknepreststillinga. Årstal for dette veit vi ikkje, men han vart prost over Dalernes prosti i 1658. Han døydd i 1671. Melchior Augustinussen (Annaler 1670 - 1705) gjev han denne attesten: «EIN ÆRLEG OG RETTSKAFFEN MANN SKIKKA TIL LÆRDOM». A. Erlandsen (Biografiske Efterretninger om Geistligheten i Trondhjem stift) nemner ei tavle i Orkdal kyrkje som ga han heiderleg omtale. Denne tavla finnst diverre ikkje lenger.

V. Claus Jensen Parelius heitte ettermannen. Han var fødd 8. april 1620 og var son til magister Jens Parelius, sokneprest og prost i Stjørdalen. Han kom til Orkdal først som kapellan og vart sokneprest i 1671. Den første kyrkja på Svorkmo vart vigsla av han i 1675. Han døydd 20.9. 1684.

Melchior Augustinussen segjer om han: «Ein ærleg og årvaken mann som utmerkte seg storveges både som kristen og embetsmann.»

ORKANGER BEDEHUS

26.10. Indremisjonens kv. f. har utlodning og årsalg. Birgit Sæther taler.

27.10. — 29.10. Har kretsarb. i Indremisjonen Olav Bekken møter hver kveld.

SMÅPLUKK

NY BIBELOVERSETTELSE
1977/78

Arbeidet med å oversett Det gamle testamente går stort sett etter planen, og Det norske bibelselskap opplyser at hele Bibelen i ny språkdrakt vil foreligge både på bokmål og nynorsk om halvannet år. Den endelige finpussing av overrettelsen vil skje på et ekstraordinært landsstyremøte i januar 1977. Professor dr. theol. Magne Sæbø har vært formann i oversettelsesutvalget for Det gamle testamente.

INNBUNDET GODT NYTT

Gødt nytt er blitt usedvanlig godt mottatt. At den også brukes flittig, skjønner vi av de mange oppfordringene om også å skaffe denne illustrerte utgaven av den nye oversettelse i innbunde form.

Nå foreligger en innbundet utgave av Godt nytt, både på bokmål og nynorsk. Prisen er kr. 25,—.

De som foretrekker pocket-utgaven, vil fremdeles kunne få den, og prisen er 16 kroner.

SONGANE I «MI KYRKJEBOK»

Vi gjer merksame på at songane i «Mi kyrkjebok», som no er delt ut i prestegjeldet, er å få på ei LP-plate. Prisen er kr. 30,—. Fire born og to vaksne er med. Dei syng saman med ei musikkgruppe under leing av Knut Løken. Plata har fått sers mange lovord. Ho er å få både på bokmål og nynorsk. Ein fin presang til smårollingene som har fått Mi kyrkjebok!

Platenummeret er LU—MI 200/69 — og så langt ein veit er den også å få som kasset.

S Ø N D A G E R K I R K E D A G

10.10 — 17 s. e. triening

Geitastrand kyrkje kl. 11. Høgmesse v/prost Rogstad. Konfirmantjubileum. offer til arb. i menigheten. Buss frå Husdalen.

Stokkhaugen kl. 11. Gudstenestleg møte v/spr. Rise. Offer til Søvasskjølen fjellkyrkje.

17.10 — 18 s. e. triening

Moe kyrkje kl. 11. Høgmesse v/prost Rogstad. Konfirmantjubileum. Offer til menighetsarbeidet.

Orkanger kyrkje kl. 11. Høgmesse v/spr. Rise. Nattverd. Offer til Orkanger menighetshus.

24.10 — 19 s. e. triening

Orkdal kyrkje kl. 11. Barnegudsteneste v/prost Rogstad og menigh. sekr. Solem

4 åringane får «mi kyrkjebok». Offer til menighetsarbeidet.

Moe kyrkje kl. 11. Høgmesse v/spr. Rise. Offer til Søvasskjølen fjellkyrkje.

31.10 — Bots -og bededag

Orkanger kyrkje kl. 11. Høgmesse v/spr. Rise

Geitastrand kyrkje kl. 11. Familiegudsteneste v/prost Rogstad. Offer til søndagsskolen. Buss frå Råbygda.

7.11 — Alle Helgens dag

Orkdal kyrkje kl. 11. Høgmesse v/spr. Rise. Nattverd. Offer til Misjonssambandet.

Moe kyrkje kl. 11. Høgmesse v/prost Rogstad. Offer til sjømannsmisjonen.

**«NYE OPPDRAG»
I NOREA**

Norsk misjon møter stendig nye utfordringar. Berre dei to siste åra har Norsk Luthersk Misjonssamband vedteke å ta opp arbeid i tre nye land — Indonesia, Kenya og Peru. I dei to førstnemnde er det alt eit avgrensa arbeid i gong, medan dei første misjonæra til Peru dreg etter nyttår om alt legg seg til rette.

EN BØNN

En hindu-gutt i 7-8 årsalderen hørte en misjonær forkynne evangeliet. Etter møtet kom noen menn forbi et ensomt sted og fant den samme gutten knelende med blikket vendt mot himmelen. Han ba følgende bønn:

«Herre Jesus, du som alltid har vært så god og snill, gjør meg likeså snill som du var, da du var 7-8 år gammel.»

65 000 MEDLEMMER I NKUF.

I løpet av de tre siste årene er medlemstallet i NKUF økt fra drøye 58 000 til 65 740, fordelt på 2 200 speideravdelinger, barnegrupper, ungdomsklubber, Ten-Sing-grupper, idrettslag og andre enheter.

GÅVER til bladet
ORKANGER

Aagot og Arne Dragseth 20. Marit og Olav Sæther 20. Oddveig og Noralf Sødahl 20. Kari og Sigmund Konstad 20. Gunvor Hoff 20. Vidar og Klara Hoff 10. Anne og Arnt Meland 10. Borghild og Borgar Strand 10. Ane Rian 20.

ORKLAND

Sverre Lystad 15. Marit Berbu 20. Oline Berbu 20. Bernt Rønning 15.

ORKDAL

Martin Koksæter 20. Brynhild Nordtømme 10. Beret Blomli 10. Ola J. Vasli 20. Karen S. Meland 15. Else Vatslag 20. Ida Aasen 20. Gudrun og Lovise Fossum 20. Harald Isaksen 20. Anna Sognli 20. Einar Gisvold 30.

UTANBYGDS

Oline Mjøen, Storås 20. Leif Husby, Glomfjord 20. B. og P. Fergestad, Konnerud 25. Beret Berdal, Å i Åfjord 10. Hilde Lundquist, Oslo 10.

Hjertelig takk!



Hjertelig takk for all oppmerksomhet og deltagelse ved min kjære far Malford Garbergs bortgang.

Eva Christin Garberg

Hjarteleg takk

til alle som støttet oss på eit eller anna vis laurdag 18. sept. da det var kake- og gevinstbord på Svorkmo Handelssamlag.

Moe kyrkjes

barnekor og blokkfløyteorkester.

Ein mann med meiningar

«Eg skal seia dykk. Eg er ferdig med kristendommen» seier han. Han har i allefall eit standpunkt og det er verd å respektera.

«Kva synes De om Markusevangeliet?» seier eg. Han ser spørjande på meg. «Det har eg ikkje lest», svarer han.

«Nei vel. Men det fyller no berre 14 sider i nytestamentet, så det skulle De lesa, men De har kanskje lest Matteus?» «Nei», han hadde ikkje det.

Det viste seg at han ikkje hadde lest noko som helst i nytestamentet eller i Bibelen.

«Har De vore i kyrkja?» «Jo», for to år sidan hadde han vore til julegudsteneste. «Men kvifor spør De om det?» «Når ein gjer opp med noko synes eg nok ein skulle vita litt om kva ein gjer opp med». «Som det praktiske livs mann har du kanskje prøvd å be — og så blitt vonbroten?»

«Nei» det hadde han heller ikkje gjort.

«Ja, men da veit De jo ikkje kva De er ferdig med».

«Nei, det har De sanneleg rett i» seier han ettertenksomt....